SANDE KOMMUNE

Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Sande rådhus
Dato:	27.10.2026
Tid:	kl 13.45 - 19.55

Desse møtte	**Representerer**	**Funksjon**
Dag Vaagen	H	ordførar
Einar Ekroll	FRP	varaordførar
Anne-Marte S. Beitveit	H	medlem
Kristoffer Værnes	UAV	medlem
Harald Gjerde Riise	H	medlem
Bjørn Thore Hansen	H	medlem
Unny Iren Haugen	AP	medlem
Toril Urkedal	AP	medlem
Sara Fugledal Wiik	UAV	medlem
Olav Myklebust	SP	medlem
Magnus Hjelle	SP	medlem
Petter Gunnarstein	FRP	medlem
Kjartan Bleie	FRP	medlem
Marthe Longva Strandbakken	UAV	medlem

Forfall	**Representerer**	**Varamedlem**	**Representerer**
Geir Torsvik	AP	Tor Egil Gulbrandsen	AP
Clarence Magnus Lillestøl	H	Jan-Arild Jacobsen-Vik	H
Inge-Jonny Hide	H	Frode Bringsvor	H
Sindre Slettestøl	H	Anker Hagen	H
Wenche Bjørkeng	H	Ann-Lena Vonheim	H
Liv Sæther Myskja	SP	Gudmund Stavik	SP
Mathias B. Gjerde	SP	Hans-Petter Hjelle	SP

Røysteføre: 21

Møtenotater:
Frå administrasjonen møtte:
Renathe Rossi Aglen, kommunedirektør
Tove Cathrine Kvamme, fagleiar politisk sekretariat
Jørn Velle Moldskred, kommunalsjef helse og omsorg

Kjell Martin Vikene, kommunalsjef teknisk og landbruk
Helge Kleppe, sivilingeniør teknisk og landbruk - møtte til sak K-95/26
Kjell Hauge, ingeniør teknisk og landbruk - møtte til sak K-96/26 og K-97/26.
Lilly-Arlen Kvalsund, kommunalsjef oppvekst og kultur
Inga Dalen Slettestøl, økonomileiar
Oddbjørn Indregård, leiar plan og næring - møtte til sak K-94/26
Steinar Numedal, økonomileiar i Ulstein kommune møtte til sak K-100/26.

Pauser: 15.00 - 15.05.

Gruppemøter: 16.35 - 16.50, 18.05 - 18.30.

Til å lese igjennom møteprotokollen før vedtaksutsending vart Marthe Longva Strandbakken og Jan-Arild Jacobsen-Vik valde.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 88/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/3922
PS 89/26	Godkjenning av protokoll	26/3922
PS 102/26	Grunngjevne spørsmål	26/3922
PS 90/26	Orienteringar	26/3922
PS 91/26	Referatsaker	26/3922
PS 92/26	Lovlegkontroll av kommunestyrevedtak 81/26- forskrift om termisk siktemiddel	26/3619
PS 93/26	Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge 2026 - plan for arbeidet	25/973
PS 99/26	2. tertialrapport med budsjettrevisjon 2026	25/530
PS 94/26	KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET - REVIDERT HANDLINGSPLAN 2026	26/3842
PS 95/26	Detaljregulering Larsnes sentrum Vest - Sluttbehandling	24/1283
PS 96/26	Tenestekjøp av brannførebygging	26/3818
PS 97/26	Val av konsept for ny brannstasjon i Sande kommune.	23/208
PS 100/26	Evaluering av innføring av lokalt redusert formuesskatt	26/3889
PS 98/26	Skulekrins i Sande kommune	26/3652
PS 101/26	Vidare framdrift av utgreiing av ei mogleg samanslåing av Herøy, Sande og Ulstein kommunar	25/849

Larsnes, 27.10.2026

Dag Vaagen
ordførar

PS 88/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:
Innkalling og sakliste godkjent utan merknad

Behandling:

Framlegg frå Anne-Marte S. Beitveit, H: Ønskje om at tertialrapport vert flytta fram på saklista. Forslaget vart samrøystes vedteke, og saka vart flytta fram til etter sak 93/26.

PS 89/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:
Protokollen frå førre møte vart godkjent utan merknad.

PS 102/26 Grunngjevne spørsmål

Underliggande sak:

Saksnr.	Tittel
04/26	Grunngjeve spørsmål frå Sande Ap knytta til ny skolestruktur
05/26	Svar på grunngjevne spørsmål frå Sande Ap knytta til ny skulestruktur

Vedtak:
Grunngjevne spørsmål vart samrøystes teke til vitande.

Behandling:

Grunngjeve spørsmål frå Sande Ap, v/Unny Haugen:
Vi vil ha ei status oppdatering i saken når det gjeld fleire forhold:

* Økonomisk innsparing i forhold til det vedtaket som vart gjort
(reduksjon i antal lærarårsverk mm frå 1 januar mm)

* Skuleskyss av elever frå Larsnes til Gursken. Kva skuleskyss ordning er gjeldande frå skulestart januar 2027?

* Økonomisk kostnader for skuleskyss frå Larsnes til Gursken og korleis dette påvirker rutetilbudet ellers i kommunen? Dette er konsekvenser som ikkje låg som grunnlag i saken.

* Status i forhold til skuleskyss av elevane frå Øyane i Sande (ferge, skyssbåten Liv og kostnadene knytt til dette)

* Korleis har medvirkninga/ informasjon vore i prosessen, knytt til dei involverte? (elever, foreldre, lærere og andre tilsette)

* Status i forhold til fysisk miljø som tilpasning av klasserom, grupperom, baserom , lokale til SFO, uteområde og lærerarbeidsplasser

* Kva er gjort i forhold til omsyn til elevar med individuell tilpassa opplæring?

* Kva er gjort i forhold til felles kulturbygging for elevar, lærarar og annet personale?

* Kva er framtidige rammekutt for oppvekstsektoren for 2027 og 2028? Vil dette kunne medføre ytterligere nedlegginger i oppvekstsektoren ?

Er då den vedtatte skulestrukturen den beste løysinga for framtidsretta skulestruktur i Sande?

Kommunedirektøren svar på spørsmåla:

Økonomisk innsparing og bemanning
Den vedtekne skulestrukturen frå 12. mai 2026 ligg til grunn for administrasjonen sitt arbeid, med gjennomføring frå januar 2027.
For å innfri rammekuttet i oppvekstsektoren på 5,0 mill. kroner er det i budsjettet for 2027 lagt til grunn ein reduksjon i stillingar på 7,21 årsverk i oppvekstsektoren. I tillegg blir det i budsjettet lagt opp til nye reduksjonar i årsverk innan PPT og barnehage allereie frå 2027.
Kommunen har, som kommunestyret kjenner godt til, ein særs krevjande økonomisk situasjon, der vi i 2027 må dekke inn 9,2 millionar kroner for 2023, og i 2028 må dekke inn 26,2 millionar kroner i sin heilskap for meirforbruket i 2024. Statsforvaltaren er særs tydeleg på at vi ikkje skal leggje til grunn at vi kan søkje om utsett frist på nedbetaling av meirforbruket.
Dette inneber at korkje omstillinga i oppvekstsektoren, eller resten av kommunen for den del, er avslutta med gjennomføringa av ny skulestruktur.
Den økonomiske situasjonen krev vidare tilpassing av bemanning og drift i heile kommunen. 2028 vert eit spesielt krevjande år for Sande kommune.

Skuleskyss frå Larsnes til Gursken
Det er fylkeskommunen som både har ansvaret og regien for skuleskyss av elevar i Sande kommune. Fylkeskommunen legg til grunn at over 60 elevar får nytt skyssbehov mellom Larsnes og Gursken, og at dagens busskapasitet ikkje er tilstrekkeleg.
Det er derfor lagt opp til ein ekstra buss gjennom FRAM/Vy. Skuletidene blir også vurderte i samarbeid med FRAM for å avgrense den samla reise- og skuledagen. Frå kommunen si side har vi sagt at vi er villige til å finne gode løysingar som gjer det best mogleg for elevane.
Strekninga ved Hallebygda er vurdert som farleg skuleveg, og det er behov for ei løysing som mellom anna omfattar buss og snumoglegheit. Dette er del av det vidare arbeidet som fylkeskommunen arbeider med. Som det går fram av den politiske saka i fylket, har FRAM bestilt eit arbeid med etablering av snuplass.
Kommunen var rett over ferien på synfaring saman med FRAM og fylkeskommunen, og gav konkrete innspel. Kommunen har følgt opp dette konkret overfor fylkeskommunen og FRAM.
Teknisk etat har vurdert og teikna og sendt over to alternative løysingar for snuplass ved Larsnes stadion, med planteikningar, høgde- og fallplan, bussporing og normalprofil.
FRAM har stadfesta at saka er vidaresend i deira system og at kommunen skal haldast inne i den vidare oppfølginga. Den 13. oktober ba kommunen om ein oppdatert status i saka. Vi har førebels ikkje fått svar på den henvendinga.
Det er viktig at kommunestyret er merksam på at ansvaret for forsvarleg skuleskyss ligg hos fylkeskommunen, og kommunen må kunne leggje til grunn at fylkeskommunen tek det ansvaret dei har.

Busstilbod, ferjetilbod og farvassavgift

Som kommunestyret er kjent med frå rutendringssaka vi fekk på høyring, har fylkeskommunen berekna sin netto årlege meirkostnad til om lag 1,013 mill. kroner i 2026-kroner, etter auka billettinntekter. Det handlar i hovudsak om at fylkeskommunen må kjøpe ein ny buss. Ruteendringa kommunen fekk på høyring, vart av fylkeskommunen sin administrasjon løfta som ein konsekvens av dette.

Ruteendringssaka vart handsama i samferdselsutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune 21. oktober. Samferdselsutvalet la vekt på at ferje- og busstilbodet er avgjerande for lokalsamfunn og næringsliv, og at reduksjonar undervegs i budsjettåret er svært uheldige og skaper uvisse for innbyggjarane. Utvalet vedtok samrøystes at tilboda skal vidareførast i budsjettet for 2027.

I den politiske debatten var politikarane tydelege på at ein ikkje utan vidare skal kunne redusere kollektivtransporten i ein kommune som følgje av auka kostnader knytte til fylkeskommunen sitt ansvar for skuleskyss. Alle høyringsinnspela frå kommunen sine innbyggjarar, i tillegg til ordføraren sin uttale på vegner av kommunestyret, hadde såleis stor verdi for den politiske debatten.

Når det gjeld farvassavgifta, bad samferdselsutvalet fylkeskommunedirektøren gå i forhandlingar med Sande kommune, med mål om fritak for farvassavgift for ferjetilbodet til næringslivet og innbyggjarane. Utvalet bad også om at regelverk og praksis knytt til farvassavgifter i kommunane blir klargjort snarast og seinast til neste møte.

Skyss frå øyane

Fylkeskommunedirektøren legg i saksframlegget til grunn at flyttinga av ungdomsskuleelevane frå Kvamsøy og Sandsøy ikkje medfører vesentlege meirkostnader. Statsforvaltaren har godkjent bruk av ambulansebåt/samfunnsbåt til skuleskyss om morgonen. For ettermiddagen er endra ferjetid frå Larsnes omtalt som den planlagde løysinga. Fylkeskommunen vurderte ingen av innspela til rutetider i sitt saksframlegg.

Det vi veit etter vedtaket i samferdselsutvalet, er at det ikkje er lagt opp til redusert ferjetilbod knytt til skulestrukturen, men det er bedt om forhandling knytt til fritak for farvassavgifta.

Vi har ikkje hatt dialog med fylkeskommunen etter vedtaket i samferdselsutvalet i førre veke. Når fylkespolitikarane no har avklart rammene for tilbodet, må dette følgjast opp i den konkrete planlegginga for skuleskyssen.

Medverknad og informasjon

For å følgje opp kommunestyret sitt vedtak, med alle detaljane det inneber, har kommunalsjefen vekentlege samhandlingsmøte med hovudtillitsvalde. I tillegg har kommunalsjefen møte saman med HR-leiar og hovudtillitsvalde i saker som mellom anna gjeld arbeidsmiljø, organisering og nedbemanning.

Når vi snakkar om medverknad, er det viktig å vere tydeleg på at denne i hovudsak skjer gjennom det organiserte partssamarbeidet. Hovudavtalen i KS legg vekt på at dei tilsette og organisasjonane deira skal involverast så tidleg som mogleg ved omstillingar, og at tillitsvaldordninga skal gi arbeidstakarane reell innverknad på organiseringa av arbeidsplassen og utviklinga av arbeidsmetodane. Samarbeidet skal byggje på tillit og forståing for at partane har ulike roller. Det betyr naturleg nok at ikkje alle tilsette skal delta direkte i alle vurderingar og avgjerder. Det hadde ikkje vore mogleg å få til i praksis.

Ein sentral del av medverknaden skjer derfor gjennom dei tillitsvalde, som representerer arbeidstakarane i partssamarbeidet. Dei skal få informasjon og reell moglegheit til å påverke før arbeidsgivar konkluderer. Medverknad inneber heller ikkje nødvendigvis semje. Dei hovudtillitsvalde i kommunen er veldig tydelege i tilbakemeldingane sine. Det skal ingen tvile på. Men arbeidsgivar har framleis ansvaret for avgjerder som ligg innanfor arbeidsgivar sitt mynde. Det betyr ikkje at det ikkje er møter med dei tilsette. Kommunalsjef og HR-leiar hadde seinast 20. oktober personalmøte med lærarane, og 21. oktober vart det gjennomført tilsvarande møte med assistentar og fagarbeidarar. Det er ingen tvil om at dei tilsette opplever denne endringsprosessen som krevjande.

Når kvardagen vert usikker, vil behovet for informasjon naturleg nok vere stort, og informasjon kan lett opplevast som utilstrekkeleg. Både arbeidsgivar og tillitsvalde har derfor ei viktig oppgåve i å bidra til tryggleik og forutsigbarheit for tilsette og elevar i tida framover.

Fysisk miljø og tilrettelegging
Tilpassing av klasserom, grupperom, baser, SFO, uteområde og arbeidsplassar inngår i gjennomføringsarbeidet.
Det vert lagt til rette arbeidsplassar for 30 lærarar, med nytt møblement og rom tilpassa denne funksjonen. Lærarane får oppussa arbeidsrom i administrasjonsfløya med nye skrivebord og anna møblement. Fagarbeidarar og assistentar får eige garderobe- og arbeidsrom.
For SFO er det fysiske rommet planlagt, og møblar til fellesrom er bestilte. Plassverneombod og SFO-leiarane har vore aktive i prosessen. Det vert etablert eigne stillerom og kvilerom, og møbleringa er vald med omsyn til mellom anna fysisk rørsle, akustikk og visuell støy.
Når det gjeld uteområdet, er det henta innspel frå tilsette, og det skal også gjennomførast ein innspelsrunde med elevar og elevråd. To ulike leverandørar har vore på synfaring og skal utarbeide forslag. Det er tenkt at uteområdet vert oppgradert i fleire etappar.
Større fysiske tiltak vil vere avhengige av investeringsrammene til kommunen. Fleire tiltak heng saman med bygg og tekniske installasjonar, og gjennomføringa må derfor sjåast i samanheng med kva investeringsrammer kommunen får godkjent.

Elevar med behov for individuelt tilrettelagd opplæring
Omsynet til elevar med særlege behov har vore ein del av grunnlaget for ny organisering. I den administrative tilrådinga vart det mellom anna lagt opp til å samle tenestetilbod og spesialpedagogisk kompetanse i det som innleiingsvis vart omtalt som ein ressursbase. Dette arbeidet går no vidare under omgrepet kompetansebase ved den nye skulen. Det er også lagt opp til samarbeid mellom skule og omsorgstenester for barn med behov for utvida SFO. Dei konkrete løysingane for elevar med individuelle behov må vurderast for den enkelte elev.
Kompetansebasen skal samle og vidareutvikle tverrfaglege kompetansen rundt barn og unge. Vi samlar tiltak som allereie er etablert i kommunen for ein framtidsretta fellesskule med omgrepet «ei dør inn». I arbeidet med den pedagogiske samanslåinga er det også lagt opp til tilvenning og aktivitetar for elevar som har behov for særleg tilrettelegging.

Felles kulturbygging
Arbeidet med å samle elevar og tilsette i ein ny organisasjon omfattar også organisasjons- og kulturbygging.
Allereie i mai vart det formidla til rektor og personale at planfesta arbeidstid hausten 2026 skulle nyttast til utvikling av den pedagogiske samanslåinga. Det er lagt til rette for teamarbeid på tvers av alderstrinn og fag.
Det er også lagt opp til felles «bli kjent»-aktivitetar for elevane og tilvenning for elevar med behov for tilrettelagde aktivitetar. Det er kjøpt inn fagbøker slik at skulane får meir likt fagleg innhald og progresjon fram mot samanslåinga i januar.
Dette er eit arbeid som naturleg nok ikkje er ferdig før skulane vert samla. Kulturbygging og utvikling av ein felles organisasjon vil måtte halde fram også etter 1. januar.

Rammekutt i 2027 og vidare struktur
Budsjettet for 2027 viser at den økonomiske utfordringa i oppvekstsektoren ikkje er løyst berre gjennom strukturvedtaket. Rammekuttet på 5,0 mill. kroner er følgt opp med ein føresett reduksjon på 7,21 årsverk, i tillegg til planlagde reduksjonar innan PPT og barnehage frå 2027.
Det blir vidare foreslått ytterlegare innsparingar i økonomiplanen. Kommunen har krav om inndekking av tidlegare års meirforbruk i 2028. På bakgrunn av dette vil kommunedirektøren leggje inn nye tiltak i alle sektorar. Oppvekstsektoren må derfor, på same måte som dei andre sektorane, rekne med at det kan bli nødvendig med ytterlegare tiltak i økonomiplanperioden.
Administrasjonen legg samstundes gjeldande kommunestyrevedtak om skulestruktur til grunn og arbeider med å gjennomføre dette. Det er viktig å skilje mellom gjennomføringa av det vedtaket som alt er gjort, og eventuelle framtidige politiske vurderingar av ytterlegare strukturelle endringar.

PS 90/26 Orienteringar

Underliggande sak:

Saksnr.	Tittel
05/26	Kvalitetsmelding om grunnskulen i Sande

Vedtak:
Orienteringar vart samrøystes tekne til vitande.

PS 91/26 Referatsaker

Underliggande sak:

Saksnr.	Tittel
32/26	Møteprotokoll - Sande kontrollutval - 10.09.2026
33/26	Budsjett- og økonomiplanarbeidet 2027-2030
34/26	Fordeling av ordinære skjønnsmidlar for 2027
35/26	Kommunal medvirkning i omstillingsarbeidet i Helse Møre og Romsdal
36/26	Sande Fastlandssamband AS - Referat frå generalforsamling 2025
37/26	Sande kommune - Høyringsuttale om endra buss- og ferjeruter
38/26	Fylkesvis skjønnsramme 2026 - Møre og Romsdal - siste fordeling
39/26	Til vurdering - lovlegkontroll - Sande - kommunestyrevedtak K-48/26
40/26	Informasjon om bosetting av flyktninger

Vedtak:
Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande.

PS 92/26 Lovlegkontroll av kommunestyrevedtak 81/26- forskrift om termisk siktemiddel

Vedtak:
1. Kommunestyret opprettheld vedtaket i sak K-81/26 om lokal forskrift for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort.

2. Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for lovlegkontroll etter kommunelova kapittel 27.

3. Det vert ikkje fatta vedtak om utsett iverksetjing.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:
1. Kommunestyret opprettheld vedtaket i sak K-81/26 om lokal forskrift for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort.

2. Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for lovlegkontroll etter kommunelova kapittel 27.

3. Det vert ikkje fatta vedtak om utsett iverksetjing.

PS 93/26 Kommunalt forebyggingsprogram for barn og unge 2026 - plan for arbeidet

Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek planen for bruk av tilskotsmidlar gjennom Bufdir sitt kommunale førebyggingsprogram for barn og unge 2026–2028.
2. Kommunestyret sluttar seg til at tilskotsmidlane vert nytta til å etablere og vidareutvikle førebyggande og tverrfaglege tiltak for barn og unge i tråd med planen.
3. Kommunestyret legg til grunn at satsinga skal bidra til å styrkje psykisk helse, livsmeistring, inkludering, tidleg innsats og samordning av tenester for barn og unge.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre planen innanfor tildelte tilskotsmidlar og gjeldande regelverk.
5. Planen vert publisert på kommunen sine nettsider i samsvar med krav fastsett av Bufdir.

Behandling:

Kommunalsjef for helse og omsorg orienterte.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 13.10.2026 - 113/26
Formannskapet tilrår:
1. Kommunestyret vedtek planen for bruk av tilskotsmidlar gjennom Bufdir sitt kommunale førebyggingsprogram for barn og unge 2026–2028.
2. Kommunestyret sluttar seg til at tilskotsmidlane vert nytta til å etablere og vidareutvikle førebyggande og tverrfaglege tiltak for barn og unge i tråd med planen.
3. Kommunestyret legg til grunn at satsinga skal bidra til å styrkje psykisk helse, livsmeistring, inkludering, tidleg innsats og samordning av tenester for barn og unge.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre planen innanfor tildelte tilskotsmidlar og gjeldande regelverk.
5. Planen vert publisert på kommunen sine nettsider i samsvar med krav fastsett av Bufdir.

PS 99/26 2. tertialrapport med budsjettrevisjon 2026

Vedtak:

1. Sande kommunestyre godkjenner tertialrapporten for 2. tertial 2026.
2. Sande kommunestyre godkjenner foreslått budsjettrevisjon slik det går fram av tertialrapporten.

3. Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabell "Status investeringsprosjekt" og "Status §5-5 første ledd" som ligg i rapporten.

Behandling:

Økonomileiar, kommunalsjef helse og omsorg og kommunalsjef oppvekst og kultur orienterte og svara på spørsmål.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 13.10.2026 - 115/26
Formannskapet tilrår:

1. Sande kommunestyre godkjenner tertialrapporten for 2. tertial 2026.
2. Sande kommunestyre godkjenner foreslått budsjettrevisjon slik det går fram av tertialrapporten.
3. Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabell "Status investeringsprosjekt" og "Status §5-5 første ledd" som ligg i rapporten.

PS 94/26 KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET - REVIDERT HANDLINGSPLAN 2026

Vedtak:

Kommunestyret vedtek å vidareføre hovudlinjene i gjeldande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for Sande kommune.

Kommunestyret vedtek følgjande handlingsplan for ordinære anlegg:

Ordinære anlegg	
	Kunstgrasbane GIL
	Idrettshall GIL
	Kunstgrasbane KIL
	Fleirbrukshall trinn 2 LIL
	Utviding av klubbhus SIL
	Oppgradering banedekke River Plate GIL
	Sanitærhus Ristesund KIL
	Larsnes stadion – Friidrettsanlegg LIL
	Renovering av symjehall, garderobe, allrom og kantine GIL
	Overbygg tribune River Plate GIL
	Gursken stadion – Oppgradering av løpebane GIL
	Badehus Sandvika GIL
	Fleirbrukshall SIL
	Utvidelse gymsal Gursken GIL
	Renovering golv gymsal Gursken GIL
	Klatrehall SIL
	Utvida baneareal/oppstillingsareal NMK Sunnmøre
	Nytt lysanlegg River Plate GIL
	Dagsturhytte på Grøthornet LIL
	7-ar Kunstgrasbane på Oshaugane, SIL

Behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 13.10.2026 - 114/26
Formannskapet tilrår:
Kommunestyret vedtek å vidareføre hovudlinjene i gjeldande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet for Sande kommune.

Kommunestyret vedtek følgjande handlingsplan for ordinære anlegg:

Ordinære anlegg	
	Kunstgrasbane GIL
	Idrettshall GIL
	Kunstgrasbane KIL
	Fleirbrukshall trinn 2 LIL
	Utviding av klubbhus SIL
	Oppgradering banedekke River Plate GIL
	Sanitærhus Ristesund KIL
	Larsnes stadion – Friidrettsanlegg LIL
	Renovering av symjehall, garderobe, allrom og kantine GIL
	Overbygg tribune River Plate GIL
	Gursken stadion – Oppgradering av løpebane GIL
	Badehus Sandvika GIL
	Fleirbrukshall SIL
	Utvidelse gymsal Gursken GIL
	Renovering golv gymsal Gursken GIL
	Klatrehall SIL
	Utvida baneareal/oppstillingsareal NMK Sunnmøre
	Nytt lysanlegg River Plate GIL
	Dagsturhytte på Grøthornet LIL
	7-ar Kunstgrasbane på Oshaugane, SIL

Kristoffer Værnes fekk permisjon og forlet møtet. **20 røysteføre.**

PS 95/26 Detaljregulering Larsnes sentrum Vest - Sluttbehandling

Vedtak:
Kommunestyret sender saka tilbake til administrasjonen for å utarbeide nytt forslag med endringane framkome i kst-møte 27.10.2026. Saka skal først leggast fram for Formannskapet.

Behandling:

Sivilingeniør Helge Kleppe, teknisk og landbruk orienterte.

Nytt framlegg , foreslått av Anne-Marte S. Beitveit, Høgre
Kommunestyret sender saka tilbake til administrasjonen for å utarbeide nytt forslag med endringane framkome i kst-møte 27.10.2026. Saka skal først leggast fram for Formannskapet.

RØYSTING:
Framlegg sett fram av Anne-Marte S. Beitveit på vegne av Sande Høgre fekk 10 røyster, og vart vedteke med ordføraren si dobbeltrøyst (H, Gunnarstein og Ekroll frå Frp).

Formannskapet si tilråding fekk 10 røyster (Ap, Sp, Sara F. Wiik (Uav), Marthe Longva Strandbakken (Uav), Kjartan Bleie (Frp)).

Innstilling frå Formannskapet - 13.10.2026 - 118/26
Formannskapet tilrår:
Sande kommune godkjenner «Detaljregulering Larsnes sentrum vest» (plan.ID 1514_20240003) i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12, med dei endringane som går fram av saksutgreiinga og merknadshandsaminga etter første gongs høyring.

PS 96/26 Tenestekjøp av brannførebygging

Vedtak:
Sande kommune inngår tenestekjøp når det gjeld brannførebygging, slik det går fram av vedlagt avtale datert 07.09.2026.

Behandling:

Toril Urkedal, Ap bad om at habliteten vart vurdert, på grunn av familiære forhold. FvL § 6 b) slekt med part.
Toril Urkedal gjekk ifrå under handsaming av habliteten. **19 røysteføre.**
Toril Urkedal vart samrøyster erklært gild i saka, og tok sete att. **20 røysteføre.**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 13.10.2026 - 116/26
Formannskapet tilrår:
Sande kommune inngår tenestekjøp når det gjeld brannførebygging, slik det går fram av vedlagt avtale datert 07.09.2026.

PS 97/26 Val av konsept for ny brannstasjon i Sande kommune.

Vedtak:
Kommunestyret vedtek alternativ nr 1 som konsept for ny brannstasjon i Sande kommune.

Behandling:

Varaordføraren som leiar av byggenemnda orienterte om saka. Ingeniør Kjell Hauge, teknisk og landbruk svara på spørsmål.

Nytt framlegg, foreslått av Harald Gjerde Riise, Høgre
Sande Høgre ønskjer eit grundigare og meir detaljert saksframlegg, gjerne med nedskalert kostnad. Analyse på korleis vil dette gå ut over drifta av kommunen sine tenester. Og med ein effektiv avtale med Helseføretaket.

RØYSTING:

Formannskapstilrådinga fekk 12 røyster og vart vedteken (Ap, Sp, Uavh, Frp)

Sande Høgre sitt framlegg sett fram av Harald G. Riise fekk 8 røyster og fall (H).

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 13.10.2026 - 117/26
Formannskapet tilrår:
Kommunestyret vedtek alternativ nr 1 som konsept for ny brannstasjon i Sande kommune.

PS 100/26 Evaluering av innføring av lokalt redusert formuesskatt

Vedtak:
Kommunestyret tek notatet «Evaluering av ordninga med redusert kommunal formuesskatt» til orientering, og vil vurdere det i samband med budsjettarbeidet.

Behandling:

Steinar Numedal, økonomileiar i Ulstein kommune orienterte om saka.

Mindretalstilrådinga frå formannskapet, foreslått av Sara Fugledal Wiik, Uavhengig
1. Kommunestyret tek notatet «Evaluering av ordninga med redusert kommunal formuesskatt» til orientering.
2. Kommunestyret legg til grunn at evalueringa viser eit berekna netto inntektstap på om lag 4,0 mill. kroner for 2023 og 2024. Samla berekningar for perioden 2023 til og med august 2026 indikerer ein mogleg negativ økonomisk effekt på inntil om lag 9,1 mill. kroner. Tala for 2025 og 2026 er førebelse og ikkje korrigerte for skatteinntekter frå nyinnflytta skattytarar, slik at den endelege effekten vil vere lågare.
3. På bakgrunn av kommunen si økonomiske stilling og registrering i ROBEK vert ordninga med redusert kommunal formuesskatt avvikla.
4. Sande kommune nyttar maksimal kommunal skattesats for formue frå og med inntektsåret 2027.

RØYSTING:
Formannskapet si tilråding fekk 13 røyster og vart vedteke (H, Olav Myklebust og Gudmund Stavik (Sp), Frp)

Mindretalstilrådinga frå formannskapet sett fram av Sara F. Wiik fekk 7 og fall (Ap, Hans Petter Hjelle og Magnus Hjelle (Sp), Marthe L Strandbakken (Uav), Sara F. Wiik (Uav)).

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 13.10.2026 - 123/26
Formannskapet tilrår:
Kommunestyret tek notatet «Evaluering av ordninga med redusert kommunal formuesskatt» til orientering, og vil vurdere det i samband med budsjettarbeidet.

PS 98/26 Skulekrins i Sande kommune

Vedtak:
1. Sande kommunestyre vedtek forskrift om skulekrinsar i Sande kommune slik den ligg ved saka.
2. Forskrifta tek til å gjelde 1. januar 2027.
3. Gjeldande forskrift om skulestruktur og skulekrinsar i Sande kommune blir oppheva frå same tidspunkt som den nye forskrifta tek til å gjelde.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere nødvendige redaksjonelle og lovtekniske justeringar før kunngjering, så lenge justeringane ikkje endrar det materielle innhaldet i forskrifta.

Behandling:

Framlegg til vedtak med nytt pkt 2, foreslått av Kjartan Bleie, Framstegspartiet
Formannskapstilrådinga med slik endring av pkt 2:
2. Forskrifta tek til å gjelde frå 1. august 2027

Mindretalsframlegget frå formannskapet, foreslått av Anne-Marte S. Beitveit, Høgre
1. Sande kommunestyre vedtek forskrift om skulekrinsar i Sande kommune slik den ligg ved saka.
2. Forskrifta tek til å gjelde 1. januar 2027.
3. Gjeldande forskrift om skulestruktur og skulekrinsar i Sande kommune blir oppheva frå same tidspunkt som den nye forskrifta tek til å gjelde.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere nødvendige redaksjonelle og lovtekniske justeringar før kunngjering, så lenge justeringane ikkje endrar det materielle innhaldet i forskrifta.

RØYSTING:

Mindretalstilrådinga frå formannskapet, sett fram av Anne-Marte S. Beitveit, H fekk 12 røyster og vart vedteke (H, Olav Myklebust og Gudmund Stavik (Sp), Marthe L. Strandbakken (Uav), Sara F. Wiik (Uav)).

Formannskapstilrådinga, med endring av pkt 2 føreslege av Kjartan Bleie, Frp fekk 8 røyster og fall (Ap, Frp, Hans Petter Hjelle og Magnus Hjelle (Sp)).

Innstilling frå Formannskapet - 13.10.2026 - 119/26
Formannskapet tilrår:

1. Sande kommunestyre vedtek forskrift om skulekrinsar i Sande kommune slik den ligg ved saka.

2. Forskrifta tek til å gjelde når tilfresstillande trygge traffikale løysingar er etablert.

3. Gjeldande forskrift om skulestruktur og skulekrinsar i Sande kommune blir oppheva frå same tidspunkt som den nye forskrifta tek til å gjelde.

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere nødvendige redaksjonelle og lovtekniske justeringar før kunngjering, så lenge justeringane ikkje endrar det materielle innhaldet i forskrifta.

Anne-Marte S. Beitveit, Bjørn Thore Hansen, Gudmund Stavik og Frode Bringsvor fekk permisjon og forlet møtet. **16 røysteføre.**

PS 101/26 Vidare framdrift av utgreiing av ei mogleg samanslåing av Herøy, Sande og Ulstein kommunar

Vedtak:

1. Kommunestyret tek kunnskapsgrunnlaget gjeldande kommunestruktur for kommunane Herøy, Sande og Ulstein til vitande.

2. Kommunestyret vedtek å gå vidare i prosessen med å vurdere ei mogleg samanslåing av kommunane Herøy, Sande og Ulstein. Innhaldet i neste fase (fase 2) skal vere i samsvar med det som er skissert i saksframlegget. Hovudfokus skal vere:
- Kommunikasjonsarbeid med formidling av hovudfunn frå utgreiing og høyringar.
- Koordinerte politiske møte mellom kommunane.
- Innbyggjarmedverknad gjennom strukturert innbyggjarhøyring og opne møte.
- Medarbeidarmedverknad gjennom medarbeidarhøyring og involvering av tillitsvalde.
- Vurdering av behov for eventuelle tilleggsutgreiingar.

3. Tverrkommunal politisk styringsgruppe får mandat til å samordne prosessen vidare i fase 2 mellom dei tre kommunane.

4. Kommunestyret sluttar seg til ein tentativ framdriftsplan i fire fasar. Det vil vere politiske avgjerdspunkt ved utgangen av kvar fase, der kommunestyra i dei tre kommunane vedtek om dei vil gå vidare til neste fase.
- Fase 1: Utgreiing. Ferdig oktober 2026.
- Fase 2: Analyse og medverknad. November 2026 – februar 2027
- Fase 3: Forhandling av intensjonsavtale. Mars 2027.
- Fase 4: Folkerøysting, innbyggarmedverknad og endeleg politisk handsaming. April – juni 2027.

5. Kommunedirektøren får mynde til å iverksette eventuelle tilleggsutgreiingar i samråd med tverrkommunal politisk styringsgruppe.

Behandling:

Formannskapstilrådinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 13.10.2026 - 121/26
Formannskapet tilrår:

1. Kommunestyret tek kunnskapsgrunnlaget gjeldande kommunestruktur for kommunane Herøy, Sande og Ulstein til vitande.

2. Kommunestyret vedtek å gå vidare i prosessen med å vurdere ei mogleg samanslåing av kommunane Herøy, Sande og Ulstein. Innhaldet i neste fase (fase 2) skal vere i samsvar med det som er skissert i saksframlegget. Hovudfokus skal vere:

- Kommunikasjonsarbeid med formidling av hovudfunn frå utgreiing og høyringar.
- Koordinerte politiske møte mellom kommunane.
- Innbyggjarmedverknad gjennom strukturert innbyggjarhøyring og opne møte.
- Medarbeidarmedverknad gjennom medarbeidarhøyring og involvering av tillitsvalde.
- Vurdering av behov for eventuelle tilleggsutgreiingar.

3. Tverrkommunal politisk styringsgruppe får mandat til å samordne prosessen vidare i fase 2 mellom dei tre kommunane.

4. Kommunestyret sluttar seg til ein tentativ framdriftsplan i fire fasar. Det vil vere politiske avgjerdspunkt ved utgangen av kvar fase, der kommunestyra i dei tre kommunane vedtek om dei vil gå vidare til neste fase.

- Fase 1: Utgreiing. Ferdig oktober 2026.
- Fase 2: Analyse og medverknad. November 2026 – februar 2027
- Fase 3: Forhandling av intensjonsavtale. Mars 2027.
- Fase 4: Folkerøysting, innbyggarmedverknad og endeleg politisk handsaming. April – juni 2027.

5. Kommunedirektøren får mynde til å iverksette eventuelle tilleggsutgreiingar i samråd med tverrkommunal politisk styringsgruppe.

Møtet slutt kl 19.55